

Osterøy kommune
5282 LONEVÅG

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201108126-6/714/SIGVIN

Dykkar ref.:
11/649-7

Bergen, 5. september 2011

Fråsegn til planprogram for områdeplan for Valestrand gnr 137 - 4, 41 gnr 136 - 3, 118 m.fl. -

Vi viser til e-post motteke 29. juni 2011 om offentlig høyring av planprogram for områdeplan for Valestrand. Hovudføremålet med planen er å gje eit løft til sentrum og betre trafikktilhøva. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen, der området er sett av til LNF, bustader, sentrumsføremål, tenesteyting, næringsverksemd og idrettsanlegg.

Innspel

I denne fråsegna gir vi innspel til reguleringsarbeidet ut i frå regionale interesser nedfelte i fylkesplanen og fylkesdelplanar og som styresmakt innanfor fylkeskommunens ansvarsområde.

Framstilling av plantema og utgreiingar

Planprogrammet er ryddig sett opp, med god gjennomgang av dei ulike plantema og kva analysar som skal gjennomførast i planprosessen. Det er likevel uklart kva utgreiingar som skal vere del av konsekvensutgreiinga og kva som er vurderingar knytt til planskildringa. Ei kort skjematisk oppsummering i slutten av dokumentet om kva utgreiingar som skal greiast ut i konsekvensutgreiinga, metode og eksisterande kjelder vil vere tilstrekkeleg.

Handelsanalyse

Planprogrammet legg opp til at det skal gjennomførast ei handelsanalyse. Denne analysen må bli lagt til eit tilpassa nivå i forhold til Valestrand og plansituasjonen. Målet med ei handelsanalyse må i denne planprosessen vere å avklare moglegheiter og potensiale for handel i Valestrand. *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel* har ein mal som kan nyttast i samband med ei slik analyse. Statistiske data kan mellom anna hentast frå www.statistikk.igest.no.

Medverknad

Planprogrammet har lagt opp til god medverknad frå lokalsamfunnet, med fleire rundar med planverkstad og folkemøte. Opplegget for medverknad vil vere eit godt førebilde for andre planprosessar.

Barn og unges interesser

Som nemnt er det lagt opp til god medverknad, særleg i forhold til barn og unges interesser. At opplegget inneber ulike tilnærmingar, både omvising, barnetråkkregistreringar og spørjeundersøkingar gjer at ein får tilgang til kunnskap frå fleire aldersgrupper. Det er viktig at denne kunnskapen blir teke med vidare i prosessen.

Universell utforming

Planprogrammet legg vekt på at universell utforming skal sikrast i planprosessen. Kanskje ein kan nytte ei liknande tilnærming til temaet universell utforming som til barn og unges interesser? Vi tenkjer i hovudsak då på registrering av kva utfordringar eldre, rørslehemma, svaksynte og blinde kan

møte i planområde, og kva løysingar dei ser føre seg. *Fylkesdelplan for universell utforming* kan også vere ei nyttig kjelde i planprosessen.

Landskap

Landskap er viktig for trivselen på ein stad, og det er positivt at planprogrammet har stort fokus på ulike tema knytt til landskap, både i forhold til estetikk, kulturlandskap, kulturmiljø, friluftsliv, naturmiljø og strandsoner. Hordaland fylkeskommune sin landskapsrettleiar *Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland (2011)* kan vere ei nyttig kjelde i den samanhengen. Vi vil òg minne om at kartlegginga av *regionale friluftsområde* vil vere ei nyttig kjelde i samband med temaet friluftsliv. Denne oversikten får ein tilgang til på www.kartinvest.no

I eit sentrum er utforminga av bygga viktige, men vel så viktig for trivsel er utforminga av områda mellom husa. Den vidare planprosessen bør derfor leggje stor vekt på utforming av uterom og tilrettelegging for trivlege møteplassar.

Kultur og kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. I planprogrammet er det under punkt 3.4.3 *Historiske spor og kulturmiljø* kort gjort greie for kjende kulturminne i planområdet og for det vidare arbeidet med dette i planarbeidet. Under punkt 3.4.2 *Landbruk og kulturlandskap* har ein også særskild tatt opp korleis landbruket og det historiske kulturlandskapet kan eksistere og haldast i hevd i eit sentrumsområde.

Hordaland fylkeskommune gjer merksam på pkt. 2 i dei regionale retningslinene i *Fylkesdelplan for kulturminne* der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Kulturminneinteressene må i det vidare planarbeidet omtalast særskilt som eige tema, eller som eige vedlegg. I dette må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/ bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m. Planar på offentleg høyring, som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon av kulturminne, kan bli returnert.

Automatisk freda kulturminne

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Hordaland fylkeskommune har vurdert planområdet til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i Kulturminneloven. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bere kostnadane med ei slik undersøking, jf. Kulturminneloven §§ 9 og 10. Hordaland fylkeskommune rår til at den arkeologisk registrering vert utført samtidig med utarbeiding av konsekvensutgreiinga slik at resultatane frå den arkeologiske registreringa vert innarbeid i denne. Kostnadsoverslag for ei arkeologisk registrering vil bli utarbeida og sendt i eget brev.

Marine kulturminne

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Planområdet ligg ikkje innanfor eit prioritert område for marinarkeologi. Bergens Sjøfartsmuseum kjenner ikkje til marinekulturminne ved Valestrand gnr. 137 bnr. 4, 41 og Eide gnr. 136 bnr. 3, 118 mfl. i Osterøy kommune som kan bli direkte råka av områdeplanen. Museet har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til saken ut over at tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum dersom det under mudring eller utfylling i sjøområda vert påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Undervassarbeidet må då straks stansast og kan ikkje verte tatt opp igjen før Bergen Sjøfartsmuseum har undersøkt og eventuelt frigjeve området.

Vi gjer merksam på at planen må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Nyare tids kulturminne

Hordaland fylkeskommune ber om at den kulturhistorisk stadanalyse (DIVE-analyse) for Valestrand

vert brukt i det vidare planarbeidet, og ein har ein tett dialog med Museumssenteret i Hordaland (Osterøy museum og kulturverntenesta i Nordhordland).

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at det særleg blir lagt vekt på ein vidare god medverknadsprosess, gode møtestader, omsyn til landskap og trafikksikring i det vidare planarbeidet.

Undersøkingssplikta etter kulturminnelova bør oppfyllest før det blir lagt fram eit høyringsforslag. Vi ber om at det blir teke kontakt med Vigdis Berge ved Kultur- og idrettsavdelinga for nærare avtale om dette.

For utfyllande informasjon og planfaglege råd viser vi til internettsidene våre www.hordaland.no/plan.

Vi deltek elles gjerne i samarbeid om planlegginga.

Marit Rødseth
Plansjef

Per Morten Ekerhovd
Fylkeskonservator

Sakshandsamar:

Signe Vinje, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Vigdis Berge, Kultur- og idrettsavdelinga

Inger Lena Gåsemyr, Nyare tids kulturminne, Kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga

Statens Vegvesen, Region Vest